

Påskenen 2003

Ny medarbeidar:

Knut Gunnar Stamnes
er vår nye
vedlikehaldsarbeidar

Kyrkjegardsdag på Vaksdal i mai

Intervju med Kjell Magne Bondevik

Få meir fram kva påska
handlar om!

Vaksdal kyrkje 70 år "Et historisk tilbakeblikk"

Konfirmasjonar våren 2003

Liste over konfirmantar

Preikeliste

Slekters gang

Bilag!

Konfirmantane si
mediagruppe har laga
eiga avis:

Konfirmantposten



Altartavla i den gamle Dale kyrkje, måla av Nils Bergslien
Foto: Reidar Takvam

VAKSDAL PRESTEGJELD

Kyrkjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3

5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 Fax 56 59 39 29

e-post:

kyrkjekontoret@vaksdal-kyrkjer.no

Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.00-13.30,

onsdag kl. 10.30-13.30

Kyrkjeverje Svein Tøsse,

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

e-post:

kyrkjeverja@vaksdal-kyrkjer.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Tlf. kontor 56 59 39 20 ,

e-post:

soknepresten@vaksdal-kyrkjer.no

Tlf. privat 56 59 73 15

Mobiltlf 90 19 65 14

e-post: frode.kvamsoe@c2i.net

Kapellan Edvard Bø

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

Fax 85 02 45 70

e-post: kapellanen@vaksdal-kyrkjer.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

Kantorane Olav Arne Steinkopf og

Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf.kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

e-post: steinkopf@c2i.net

Organist i Eksingedalen og Eidsland

Asbjørn Nese

Tlf.privat: 56 59 59 26

VOKT-arbeidar

Knut-Erlend Røsvold

Tlf.kontor: 56 59 39 22

Mobiltlf.: 95 81 65 91

e-post: vokt-vaksdal@innboks.com

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

No livnar det i lundar, no lauvast det i li den heile skapning stundar no fram til sumars tid.

Våren er nok den travlaste tida for oss som arbeider i og rundt kyrkjene. Gudstenester og konfirmasjonar skal haldast. Kyrkjer skal flikkast og målast, og kyrkjegardar skal vedlikehaldast. Aktiviteten stig jamnt og trutt, slik som sola på himmelen. Eit nytt år skal formast, og helst gjerast betre enn det førre.

Den norske kyrkja skal og formast, eller omformast. Eit utval leia av fylkesmann i Sør trøndelag, Kåre Gjønnes, skal ta for seg tilhøvet mellom stat og kyrkje. Formålet med utredninga er å gje grunnlag for å treffe beslutning om statskyrkjeordninga skal vidareførast, reformerast eller avviklast. Utvalet skal vere ferdige med utreiinga innan 2005.

Den norske kyrkja i Vaksdal møter våren med ein ny medarbeidar.

Knut Gunnar Stamnes

er tilsett i halv stilling som vedlikehaldsarbeidar ved kyrkjene våre. Knut Gunnar er 35 år, og arbeider til vanleg som tømrrar og gardbrukar. Han skal ha ansvaret for slått på Vaksdal kyrkjegard, og utføre og styre vedlikehalds-



oppgåver på kyrkjelege eigedomar i heile prestegjeldet. Straumprisane har sett fart i planane om etterisolering i kyrkjene, og dette er ei av oppgåvene som ventar.

Me ynskjer deg velkomen !

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome inn til Kyrkjekontoret innan **23.mai**
Neste nummer kjem ut i veke 23.

Felles høgtidsgudstenester for Vaksdal og Dale sokn

”Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast,...men lat oss setje mot i kvarandre, og det så mykje meir som det ser at dagen nærmar seg” Hebr. 10, 25

Sidan våren 1998 har ein hatt felles høgtidsgudstenester for Vaksdal og Dale sokn. Dette gjeld gudstenestene 1. påskedag, 1. pinsedag og 1. juledag. Denne ordninga kom i stand etter initiativ frå dåverande kapellan og kantor, med velsigning av biskop og prost (i samband med bispevisitas i 1998) Ein vart einige om ein prøveperiode på to år. Etter denne perioden skulle ordninga evaluerast.

På soknerådssamlinga i fjor haust vart spørsmålet om felles høgtidsgudstenester brakt på bane. Likeins var det og oppe på årsmøtene på Dale og Vaksdal no i vår, utan at ein kom til nokon konklusjon.

Det er nok enkelte som saknar det å få gå til gudsteneste i ”si eiga kyrkje” på høgtidsdagane. Det er ikkje lenger noko for dei i kyrkja slik det var før. Kyrkjeklokkene ringjer ikkje lenger slik dei gjorde før. Ordninga med kyrkjeskys har kan hende heller ikkje fungert tilfredsstillande.

Då ein tok til med denne ordninga, var det mellom anna fordi ein hadde eit ynskje om verkeleg å gjere desse høgtidsgudstenestene til festgudstenester. I staden for å ha ein liten flokk i Dale kyrkje og ein liten flokk i Vaksdal kyrkje kunne ein heller slå seg saman og på den måten få ei rikare gudstenesteoppleving. Slik ville songen i kyrkjelyden verte betre, det ville vere lettare å få til eit ordentleg forsongarkor, og ein ville kunne utnytte fordelane av å ha to prestar og to kantorar til stades. Når det er to kantorar til stades, kan til dømes den eine dirigere kor og den

andre akkompagnere. Den eine kan spele orgel, medan den andre kan traktere andre instrumenter. På denne måten meinte ein at nyordninga ville komme alle til gode, i form av betre fellesskap mellom kyrkjelydane og meir inspirerende gudstenester. Både for kyrkjelydane og for dei tilsette ville dette verke motiverande og inspirere til vidare teneste.

Den første gudstenesta var 1. påskedag på Vaksdal. Dei vel 130 frammøtte fekk oppleve ei høgtidleg og spanande gudsteneste, kor ein mellom anna tok i bruk trommer saman med orgelet. Etterkvart har vel kan hende interessa vorte mindre, og oppslutningen har ikkje alltid vore like god. Likevel trur me at dei som har vore til stades har hatt mange gode opplevingar. Det som kan hende har skuffa litt er at ikkje alle har teke del i denne prøveordninga. Ein har kan hende gått når det har vore gudsteneste i ”heimkyrkja”, men ikkje når det har vore gudsteneste i nabokyrkja. På den måten kan ein ikkje seie at ein har vore med og prøvd denne ordninga fullt ut. Ein kan spørja seg kvifor. Er ikkje den eine kyrkja like god som den andre? Er ”vårt” gudstenestefellesskap betre enn dei andre sitt? Er det slik at avstanden imellom Vaksdal og Dale framleis er større enn dei 15 minuttane det tek å køyra? Og i så fall, bør ikkje me som ynskjer å delta i eit gudstenestefellesskap, gå føre med eit godt døme når det gjeld å byggje ned ”murar oss imellom” ? ”Kyrkja” kan ein definere som Guds folk enten ho er å finne på Dale, i Sudan, Kina, Peru eller på Vaksdal!

Den neste høgtidsgudstenesta no er 1. påskedag i Dale kyrkje. Lat oss gleda oss over at me fritt kan samlast om Guds ord. 1. påskedag er den største og viktigaste høgtidsdagen i kyrkjeåret. Då kan vi få vere med å lyfte jubelen og lovsongen til den oppstandne Jesus Kristus. Vel møtt!

Olav Arne Steinkopf

- Få meir fram kva påska handlar om seier statsminister Kjell Magne Bondevik:

- Eg skulle ønskje at media meir kunne få fram kva påska verkeleg handlar om. Når dei omtalar denne høgtida, er det ofte om kor mange som dreg på fjellet og blir solbrente, og korleis skiføret er. Eg oppfordrar alle – i tillegg til ein velfortent ferie med sol og skitur – at dei også set seg meir inn i kva påska dreier seg om, seier statsminister Kjell Magne Bondevik i intervju med Ove Eikje, Kristelig Pressekontor (KPK).

Påskebodskapen - ein dramatisk kriminalhistorie

- *Kva er det første du tenkjer på når vi snakkar om påska?*

- Det er først og fremst omgrepet nåde, for påska er framfor alt eit uttrykk for Jesu frelsesgjerning som gjer at vi kan få dagleg nåde og tilgjeving.

- *Har du nokre tankar om kvifor krim er så populært lesestoff for mange nordmenn i påska?*

- Det har kanskje noko med at det som verkeleg skjedde i påska, er som ein dramatisk kriminalhistorie – fordi ein uskuldig vart avretta. Påska sin bodskap handlar om liv og død. I tillegg er det vel slik at folk har trong for avkopling i påska, og då er det ofte krim-litteratur som er i fokus.

- *Kvifor måtte Jesus dø i påska?*

- Det skjedde fordi vi menneska har svikta, og synda sin lodd er døden. Men for at vi skulle slippe den evige død, tok Jesus på seg straffa for skulda vår. Dette er ein død som sona for syndene våre.

Von for dei som fell

Statsministeren vil gjerne oppfordre fleire til å undersøkje meir kva påska sin bodskap verkeleg handlar om.

- Mest alle nordmenn er klar over at jula har med Jesu fødsel å gjere, og mange går også til kyrkja på julaftan. Når det gjeld påska, er kanskje ikkje folk fullt så



- **Tilgjeving har eg bruk for kvar dag, seier statsminister Kjell Magne Bondevik.**

KPK-.foto: Arne Sæteren.

medvitne på kva som er påska sitt innhald. Men for den kristne kyrkja er jo påska ei minst like stor høgtid som jula. Derfor vil eg gjerne oppfordre alle – i tillegg til ein velfortent ferie med sol og skitur – at dei også sett seg meir inn i kva påska verkeleg dreier seg om.

Bondevik peikar på at grunnlaget for påska er tilgjevinga og oppreisinga ved Jesu død og oppstode.

- Men det er også mange andre historier i det store påskedramaet. Eg søker ofte trøyst i det som hende med læresveinen Peter, som nekta på at han kjende Jesus. Likevel vart han berre nokre dagar seinare reist opp att som ein sentral læresvein og ein reiskap i Guds rike. Han stod fram på pinsedag som ein stor leiar. Dette er ein gripande bodskap i påskebodskapen – at Gud kan bruke menneske som fell ved å reise dei opp att, og dei kan gjere ei stor teneste for han.

- Positivt at nesten halve Noreg seier påska er viktig for dei

- I ein Gallup som Opinion gjorde for Kristelig Pressekontor i 2001 meinte fire av ti nordmenn at Jesu oppstode er svært viktig eller nokså viktig for dei. Kva kommentar har du til desse tala?

- Det er positivt at mest halvparten av folkesetnaden verkeleg meiner at påska sin budskap er viktig for dei. Samstundes trur eg nok at endå fleire ville sagt at Jesu fødsel er viktig for dei. Men denne undersøkinga om Jesu oppstode er oppmuntrande, og den bør også inspirere kyrkja og kristne organisasjonar til å forkynne påskeevangeliet med stort frimot.

- Korleis tykkjer du at det kjem til uttrykk i norsk samfunnsliv at mest halvparten av alle nordmenn meiner at oppstoda er viktig?

- Dette kjem alt for lite til uttrykk i samfunnslivet vårt. Det burde vere større oppslutnad om påska sine hendingar i gudstenester og møte. I tillegg avspeglar heller ikkje media sin omtale av påska at det sentrale i denne høgtida er viktig for svært mange nordmenn. Eg skulle derfor ønske at media meir kunne få fram kva

påska verkeleg dreier seg om. Når dei omtaler denne høgtida, er det ofte om kor mange som dreg på fjellet og blir solbrende, og korleis skiføret er.

Von i tid og æve

- For meg personleg betyr Jesus ei von både for tid og for æve, og tilgjeving har eg bruk for kvar einaste dag. Eg veit at denne tilgjevninga har grunnlaget sitt i Jesu død og oppstode. At Guds Son stod opp att, fortel meg at Jesus er ein levande realitet, - han er ikkje ein død person. Derfor kan eg vende meg direkte til han i bøn, og eg er svært glad i påskesalmen "Han er oppstanden, halleluja".

- Har du eit minne frå ei påskehøgtid?

-Eg minnst spesielt nokre påskemøte vi hadde på ein leirstad på Nordmøre, kor medlemmer av kristne skolelag frå Romsdal og Nordmøre møttest. Der fekk eg mellom anna mange nye vener. Men samstundes fekk vi høyre ei klar forkynning av påskebudskapet, og det sette mange av oss på val. Ikkje få av oss tok eit medvite kristeleg standpunkt under desse påskemøta, og dei vil for mange av oss stå der som heilt spesielle påskeminne.

Ole Eikje, Kristeleg Pressekontor

Kyrkjegardsdag på Vaksdal!

Kyrkjegarden skal tene både dei levande og dei døde. Den skal vera funksjonell og tilrettelagt for dei som vitjar den. Portar og gjerder, tre og busker skal lage ei ramme rundt kyrkjegarden som gjev dei døde ein verdig kvilestad. Kyrkjegarden kan og vere til rekreasjon for dei som ynskjer ein stille stad der ein ikkje skal forstyrrast av det kvardagslege, og der ferdsele skjer gåande. Vedlikehaldet skal vere enkelt å utføre, slik at ein kan halde ein høg standard. Kyrkjegarden kan og vere ein møteplass. Nokon treng hjelp til å stelle graver, og nokon kan hjelpe.

I år vil me invitere deg til kyrkjegardsdag på Vaksdal kyrkjegard ein dag i mai.

Invitasjonen gjeld alle som er knytt til kyrkjegarden, anten ein har ei grav å gå til, eller har spørsmål om noko som gjeld kyrkjegarden. Dato vert annonsert når den er fastsett.

Du vil kunne få svar på spørsmål om lovverket, lokale forskrifter, festeavgifter, stellavtalar, legat, sikring av gravminner, vedlikehald og reingjering av gravminner. Det vert høve til å handle blomar frå lokale leverandørar, og ein kan møte representantar frå gravferdsbyrå.

SLEKTERS GANG

DØYPTE

DALE

05.01 Mathias Tveterås Terjesen
05.01 Jarand Bøyum
02.02 Tove Ulveseth Svensson
23.02 Marius Berentsen Sandvik
09.03 Martin Faugstad Davidsen

VAKSDAL

25.12 Erling Andrew Viksund
30.03 Jonas Haugland-Lindholm

STAMNES

10.11 Adrian Hesjedal
26.12 Mona Elisabeth Høines Ulevik
09.02 Marius Balestrand
16.03 Adriana Sofia Noel

AVLIDNE

DALE

14.12 Guro Rolland, f.1908
23.12 Gerd Simmenes, f.1923
29.12 Malvin Stamndal, f.1924
10.01 Solveig Teigen, f.1913
12.01 Wenche Stokke, f.1945
21.01 Brita Brunborg, f.1912
03.02 Magny Dahle, f.1928
04.02 Erling Kleiven, f.1927
07.02 Ingrid Dalseid, f.1927
02.03 Normann Hop, f.1912
02.03 Øyvind Johan Sellevold, f.1931
20.03 Tomas Krogsrud, f.1931

VAKSDAL

25.12 Peder Olai Rønhovde, f.1905
21.03 Øystein Njåstad, f.1947

BERGSDALEN

25.01 Tormod T.Lid, f. 1906

STAMNES

14.12 Eli Myhra Starnesfæt, f.1927
15.02 Astrid Karolina Holme, f.1911
31.03 Ruben Kulshamar Ulevik, f.2002

EIDSLAND

07.12 Signy Eikemo, f.1907
31.01 Malin Møster Aas, f.1981

NESHEIM

05.01 Norvald Nesheim, f.1912



GRAVMONUMENTER
fra Brødr. Strand
Stenhuggeri

I våre kataloger finner De flere hundre modeller. Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og pristilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegarder i distriktet. Skrifttilføyelser - Oppussing.

Harald Jordal
Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal
Bladpengar: kr. 100,-
Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. mm.
Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar:

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret.
Adressa finn de nedanfor.

Kasserar:

Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,
boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S, Boks 34
5604 Øystese. Tlf. 56 55 36 50.

Retur til: Kyrkjekontoret for Vaksdal,
Pb. 113, 5721 Dalekvam.

GODKJENDE LEVERANDØRAR AV GRAVMINNE

Desse leverandørane er godkjende for levering av gravminne. Alle gravminne må vera innafor forskriftene i gravferdslova. Dei fleste leverandørane har lokale kontakt-personar.

Brødrene Strand Stenhuggeri AS

Decoform Gravmonumenter AS

Eikner Naturstein AS

Ellinggard Steinindustri AS

Kjøl Stenindustri

Sildnes stenindustri AS

Sæthre stenindustri AS

Øien stenhuggeri

Åsane stein AS

Alle andre leverandørar pliktar å søkje om godkjenning for kvart einiskild gravminne fram til at gravminnekatalogen er godkjent. Godkjenning i andre kommunar gjev ikkje automatisk godkjenning i Vaksdal.

ORGELRESITASJON

Skjærtorsdag 17.april kl.19.30

i Vaksdal kyrkje

v/kantor Olav Arne Steinkopf

FELLES HØGTIDSGUDSTENESTE

for Vaksdal og Dale sokn

1.PÅSKEDAG kl.11.00 i DALE KYRKJE
FORSONGARKOR ØVER FRÅ KL.9.30

VELKOMEN TIL KYRKJE

VAKSDAL KYRKJE

13.april kl.10.00 MERK TIDA!

Høgmesse. Bø. Offer til Den Norske Sjømannsmisjon, Norsk kyrkje i utlandet.

17.april kl.19.30 Orgelresitasjon.

17.april kl.20.00 Skriftemålgudst. Bø.

20.apr. kl.11. Sjø Dale kyrkje!

27.april kl.15.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

Offer til Norges kristelige Student- og Skoleungdomslag, region vest.

1.mai kl.9.30 Høgmesse. Bø. Offer til Norges Kristne Arbeideres Forbund.

4.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

17.mai kl.9.30 Familiegudsteneste.

Offer til Vaksdal KFUK/KFUM-speidarar.

25.mai kl.11.00 Høgmesse. Bø. Nattverd.

8.juni kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

9.juni kl.12.00 Fitjavass-stemna. 100års jubileum. Biskop Hagesæther og sokneprest Kvamsøe.

DALE KYRKJE

18.april kl.11.00 Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

20.april kl.11.00 Felles høgtidsgudsteneste. Bø. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Bibel-skulen på Bildøy.

1.mai kl.11.00 Høgmesse. Bø. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

4.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

17.mai kl.10.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Bymisjon i Bergen.

8.juni kl.11.00 Sjø Vaksdal kyrkje!

15.juni kl.11.00 "Fest på kjerka" i Messehagen. Bø. Kvamsøe. Den norske Sjømannsmisjon. Offer til Den norske Sjømannsmisjon.

STAMNES KYRKJE

18.april kl.17.00 Pasjonsgudsteneste. Kvamsøe.

21.april kl.11.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Innsamling av fastebøsser.

11.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til konfirmantarbeidet i kyrkjelyden.

17.mai kl.12.30 Familiegudsteneste. Offer til Redd Barna.

29.mai kl.12.00 Vassbakkenstemna. Kvamsøe. Offer til KRIK-Vaksdal.

9.juni kl.20.00 Høgtidsgudsteneste. Prostiprest Geir Skårland. Nattverd. Offer til NMS.

EIDSLAND KAPELL

17.april kl.17.00 Nattverdsgudsteneste. Bø. Offer til Kirkens Nødhjelp.

Innsamling av fastebøsser.

27.april kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Bø. Offer til Orgelnemnda.

17.mai kl.12.30 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Redd Barna.

BERGSDALEN KYRKJE

13.april kl.12.30 Sportsandakt. Bø.

20.april kl.20.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

25.mai kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til Fagertun.

8.juni kl.20.00 Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Gideon.

EKSINGEDALEN KYRKJE

18.april kl.20.00 Pasjonsgudsteneste.

Bø. Nattverd. Offer til Kirkens Nødhjelp.

1.juni kl.11.00 Konfirmasjonsgudsteneste. Kvamsøe. Offer til misjonsprosjektet.

NESHEIM KYRKJE

13.april kl.11.00 Familiegudsteneste. Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp.

20.april kl.11.00 Lekmannsgudsteneste. St. Markus. Offer til KFUK/KFUM.

18.mai kl.11.00 Høgmesse. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Misjonsprosjektet.

VIKTIG MELDING!

Det er viktig at de ser etter i lokalavisene og på plakatar for å kontrollere m.a. klokkeslett for gudstenestene.

VAKSDAL KYRKJE 70 ÅR

Et historisk tilbakeblikk



Det var et høytidelig øyeblikk da bygge-komiteens formann, ordfører Rimmereid, overrakte Vaksdal kirkes nøkler til prost Brekke fredag 7. april 1933. Mange års virke lå bak.

Allerede i 1912 ble det holdt møte i Vaksdal Bedehus der en drøftet spørsmålet om kirke på Vaksdal. Plankomité ble valgt med møllebestyrer Fred Dame som formann. Mange saker måtte finne sin løsning - høvelig tomt, finansieringen, planarbeid. Det var debatt hvor kirken skulle bygges; - på Jamne- eller Vaksdal-siden. Den endelige tomte ble utpekt av Statens bygningsinspektør Cravford Jensen i 1929. Arkitekt- konkurranse ble utlyst, innleveringsfrist var 1. mars 1930.

Grunnlaget for konkurransen var:

Ei kirke av stein med 420 sitteplasser. Kostnad ikke over kr.100.000,- grunnprisen iberegnet. Utkastet til arkitekt Ole Landmark ble valgt og godkjent ved kongelig resolusjon. Det var for øvrig en forutsetning at arbeidet i størst mulig utstrekning skulle utføres av soknets egne folk.

Bergens Tidende (BT) omtalte vigslingen slik:

Høytid og helg preger Vaksdal i dag. Etter mange års arbeid er kirkeplanen endelig brakt i havn, og vigslingshøytidligheten har kalt mange fremmede til stede. Det smeller i flaggene, møllen har gitt arbeiderne fri, solen skinner og helgeklædte mennesker har alt lenge før kirken ble åpnet samlet sig utenfor gudshuset for å høre Vaksdal musikk-korps spille koraler.

Prost Brekke til Osterøy holdt en kort tale med bakgrunn i 1. Korintierbrev, kap. 3, v. 9-11:

"For vi er Guds medarbeidar; de er Guds åkerland, Guds bygning."osv.

Biskop Fleischer forrettet altertjenesten, hvor efter fulgte skriftlesing, innledet med salmen "Kirken den er et gammelt hus" , et vers mellom hvert gudsord.

(Sitat slutt)

En rekke geistlige deltok i skriftlesingen; prost Møllerup, domprost Iversen, sokneprest Lavik, sokneprest Kvistad, sokneprest Klåstad og prost Vassland.

Biskopen forrettet trosbekjennelsen og menigheten sang ” Vår Gud han er så fast ei borg”.

Deretter talte biskopen med utgangspunkt i Esaias 62, 10-12:

”Dra inn gjennom portene, rydd veien for folket, bygg, bygg veien, rens den for sten, løft et banner for folkene!” ... o.s.v.

Utdrag fra biskop Fleischer innvielsestale:

Når det gjeld kyrkjebyggjing, er der og eit slikt rydjingsarbeid å gjera. Sjølve byggjearbeidet hev vel gjenge med lyst og gleda. De hev havt å arbeida etter ei fin og ven teikning av ein dugande arkitekt med kunstnargivnad og med fin og ekte kyrkjeleg sans og skynsemd, og det handverkslege arbeid er utført av kunnige og dugande menn. Men sjølve fyrebuingi og tilrådingi av pengemiddel til eit so stort og kostesamt og prydelegt hus hev teke mange år, stor umtanke og tolugt og trottugt arbeid. De som hev stade i brodden for dette arbeidet, prestane her i Bruvik, gamle-lensmannen, ordførarane, far og son, og byggjenemdi, hev vilja rydja vegen for folket til dette Herrens hus for denne bygdi. Og no hev De vunne fram so folket no fær draga inn gjennom portane og samlast um fagnadbodi og um Herren som hev lova, at der folket samlast i bøn og i Kristi tru, der vil Han sjøl vera millom deim med all si nådegåve. De skal samlast til og med Kristus, avdi han hev retten til Dykk, han hev kjøpt Dykk med sitt blod, til å verta kongar og prestar for vår Gud. Han - som først vart lyfta upp på krossen, og som no er lyfta upp til himmelen, vil draga Dykk alle til seg, so De skal verta det heilaga folket og Herrens løyste.

Men når det gjeld um frelsa og tileigning, av den, tykjest det enno vera mange steinar

i vegen, som skal rydjast burt, for at folket skal få koma vel fram og verta det heilaga folket og Herrens løyste, og so kyrkja kann verta den søkte og ” byen som ikkje er aud”.

*Så signa då Gud denne kyrkja, og folket som samlast her, at Herrens nåde og miskunn stendigt må verna og vara oss, som ein skjold mot den vonde makt og som livsens sol yver alt Dykkar yrke.
(Sitat slutt).*

Etter talen sang menigheten ” Kom heilag ande, himmel trøyst”. Seremonien nådde nå sin klimaks idet biskop Fleischer for alteret forrettet bønn og innvielses-akten etter ritualet.

Menigheten sang ” Mektigste Kriste, menighetens herre” som avslutning på høytidligheten.

Gaver.

Totalt kostet kirken kr. 200.000. Nær 60.000 kroner innkam i gaver, mølla bidro med 30.000. Resten ble bevilget av Bruvik sogn, et stort beløp når en tenker på de økonomiske harde tidene som da var. Kirken var gjeldfri da kirkebygget sto ferdig. Store gaver som kirkeklokker, altersølv, sømmet alterduker er gitt av ivrige forkjempere gjennom mange år.

Som en illustrasjon om tiden og den økonomisk situasjon landet var i på 30 årene, kan det nevnes at et arbeidslag på Bruvik arbeidet et halvt år før kommunen var i stand til å lønne arbeidslaget.

Når arbeiderne handlet varer på ”Kopen” hadde de matseddel med der kommunen garanterte økonomisk for varekjøpet.

Kilder:
VP – Vaksdal Posten
Bergens Tidende.

Jørgen Furuboth

**Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal
Postboks 113
5721 Dalekvam**

KONFIRMANTAR I KYRKJENE I VAKSDAL VÅREN 2003

EIDSLAND KAPELL 27. APRIL

Maritha Møster, Eidsland
Daniel Stamnes, Eidsland
Chana Michelle Almenningen,
Modalen

VAKSDAL KYRKJE 4. MAI

Tommy Bakke Amundsen
Eirik Dalheim
Silje Eidsvåg
Helene Thom Fosse
Magnus Hanevik
Jan Tore Sjøbø Hesjedal
Stine Pahlm Hindenes
Nils Arvid Langhelle
Cecilie Marx Larsen
Marthe Njåstad
Njål Nordmark

DALE KYRKJE 4. MAI

Eirik Bruvik Erdal, Dale
Karina Michelle Reknes Haukeland,
Dale
Torben Hop, Dale
Christine Seim Horvei, Dale
Ruben Johansen, Dale
Rune Kristiansen, Dale
Alexander Vedå Krogsrud, Dale
Mari Håheim Mykkeltvedt, Dale
Lill-Kjersti Nottveit, Dale
Elin Svensson, Dale
Dan Edward Skaftun, Helle
Maria Alvheim, Stanghelle
Katrine Wefring Bjørkheim,
Stanghelle

Anette Sellevold Bleika, Stanghelle
Katrinn Brattebø, Stanghelle
Kristine Søvik Fossmark, Fossmark
Merethe Iversen, Stanghelle
Åshild Danielsen Kvamme, Stanghelle
Kristoffer Kvamme Nygård, Stanghelle
Caroline Holen Otterstad, Stanghelle
Line Kvamme Rødland, Stanghelle
Hege Birkeland Sandnes, Stanghelle
Marius Sellevold Soltvedt, Stanghelle
Roy Steinsland, Stanghelle
Karina Strømmen, Stanghelle
Margrethe Terjesen, Stanghelle
Tom André Venge, Stanghelle
Helén Valestrand Wefring, Stanghelle
Christin Tolås Wefring, Stanghelle

STAMNES KYRKJE 11. MAI

Aleksander Andreassen
Carl Louis Breivik
Runar Brekkhus
Silje-Mari Kallestad Hagen
Bjørn Eirik Høines
Martin Lunde Stamnes

BERGSDALEN KYRKJE 25. MAI

Ingrid Fagerbakke Fosse
Bjarte Pettersen
Tonje Jeanett Romarheim

EKSINGEDALEN KYRKJE 1. JUNI

Henning Haugen Andersen
Marianne Brønstad
Kjetil Lavik